



Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

---

www.fylkesmannen.no/rogaland

## **Skogkultur – Foryngingsplikta – innskjerping av kontroll og oppfølging**

Landbruksdirektoratet innskjerpar no ytterlegare kravet til kontroll og oppfølging av foryngingsplikta. Spesielt oppfølging av kontrollane er langt frå god nok i dei fleste kommunane i Rogaland.

Landbruksdirektoratet ber Fylkesmannen vurdere økonomiske konsekvensar på skogområdet for kommunar som ikkje følgjer opp kontrollansvaret i tråd med retningslinjene.

Årsaka til innskjerpinga er statistikk frå resultatkontrollen og foryngingskontrollen som viser at kravet om planting etter hogst ikkje blir følgt opp i tilstrekkeleg grad - verken av grunneigar eller kommunal skogforvaltning. Heile Vestlandet ligg klart under landsgjennomsnittet, men Rogaland ligg lågast av alle. For 2014 er foryngingsprosenten heilt nede på 16 %!

### **Kontrollflater/kontrolleigedommar**

Landbruksdirektoratet har på bakgrunn av hogststatistikken valt ut til saman 71 flater som skal kontrollerast av kommunane i Rogaland i 2015. Dette er feltkontrollar, slik at alle flater må synfarast, og det må gjerast konkrete observasjonar og målingar på kvar flate; jf. rutinar og instruks for slik kontroll.

Sjølve opplegget for kontrollane blir stort sett som tidlegare år. Detaljert opplegg for arbeidet skal difor vera kjent for skogansvarlege i kommunane. Ta kontakt med Fylkesmannen om noko er uklart.

### **Oppfølging av kontroll**

Både resultatkontroll og foryngingskontroll avdekkar kvart år mange flater som ikkje er forynga innan fristen på tre år. Både Landbruksdirektoratet og Fylkesmannen er uroa over at mange av desse flatene ikkje blir følgt opp av kommunen på ein slik måte at dei blir tilplanta med kvalitetsskog eller eventuelt godkjent omdisponert med korrekt status på gardskartet. Kommunane har tidlegare fått tilsendt både rutinar og brevmalar til bruk for slik oppfølging. Men ta gjerne kontakt med Fylkesmannen om det er spørsmål rundt dette.

Arbeidet med oppfølging bør skje kontinuerleg gjennom året. Sidan dette arbeidet ikkje synest å ha vore prioritert i fleirtalet av kommunane i Rogaland, ber Fylkesmannen om at alle kommunar med eksempel på manglane planting etter hogst, har oppretta sak på minst eitt tilfelle **innan 15. juni**.

Med oppretta sak i dette tilfellet meinast at det er tatt kontakt med grunneigar og sendt skriftleg informasjon i tråd med tilsende rutinar og malar. Fylkesmannen skal ha ei kort tilbakemelding på e-post innan same dato.

### **Meir om bakgrunn og kommunalt ansvar**

Det har vore krav om foryngingskontroll sidan statsråd Lars Peder Brekk tok opp behovet for større innsats av kommunal skogforvaltning på forynging etter hogst i 2006. Tilfredsstillande forynging etter hogst er ein nødvendig del av eit langsiktig, berekraftig og klimavennleg skogbruk. Skogeigaren er gjennom skogbruksloven pålagt å sørgja for dette. Landbruksdirektoratet organiserer systematisk oppfølging og kontroll av foryngingsplikta.

Kommunen som skogbruksstyresmakt har ansvar for å handheva foryngingsplikta. Målet med oppfølginga er å avdekka om planting er gjennomført der slik forynging fagleg sett bør veljast. Og dessutan at hogstfelt som er tilpassa for naturleg forynging er tilfredsstillande tilrettelagt for dette. Prosessar og rutinar for slik oppfølging er kommunane både kursa i og materiellet er tilgjengeleg. Dette gjeld også rutinar rundt sanksjonar og tvangstiltak som kommunen kan bruka dersom skogeigar ikkje sjølv følgjer opp foryngingsplikta.

Fylkesmannen vil understreka at hovudmålet med kontroll og oppfølging er å skapa auka investering i ny skog, noko som forvaltninga først og fremst kan oppnå gjennom direkte kontakt og påminning.

### **Feltkontroll 2015**

Fylkesmannen vil som tidlegare senda ut meir informasjon om gjennomføring både av resultatkontrollen og foryngingskontrollen for inneverande år.

Med helsing

Geir Skadberg  
fung.landbruksdirektør

Lars Slåttå  
fylkesskogsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Stein Bomo  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 72  
E-post: fmrosbo@fylkesmannen.no

Vedlegg: Utviklingstrekk hogst og planting Rogaland

Kopi til:

|             |                         |      |                |
|-------------|-------------------------|------|----------------|
| Vestskog SA | Røynstrandsvegen 4      | 5736 | GRANVIN        |
| NEG Skog As | Mjåvannsvegen 118       | 4628 | KRISTIANSAND S |
| Norskog     | Postboks 123, Lilleaker | 0216 | OSLO           |